



Årsmelding 2025 – Volda Småbåtlag

Styret for 2025 har vore Frode Opsvik (styreleiar), Stian Peder Hjorthaug, Svein Nærø, Tor Vegard Søvik og Vidar Sandnes. Bård Henriksen og Kay Ove Johansen har vore varamedlemar.


Vedlikehaldsnemnd har vore Audun Risahagen, Jonny Sollid, Inge Lade og Oddbjørn Olsen. Også i år har vi fått god hjelp til drift av dieselanlegget av Odd Jarle Koppernes.

Det har vore lav aktivitet i 2025, og styret har berre halde 3 styremøte. Tor Vegard Søvik har vore sekretær og Frode Opsvik har tatt hand om kasseraroppgåvene.

Av dei viktige sakene i 2025 kan vi nemne:

Utleige av gjesteplass til badstove

- Småbåtlaget har skrive ein femårig avtale med Volda E-sport om utleige av ein gjesteplass til badstova som Volda Rotary sjøsette i mars 2025. I samband med badstova bygde Volda Rotary ein rampe for å betre tilkomsten til midtbrygga.
- Sidan vi no berre har éin gjesteplass på midtbrygga, kan det vere behov for å etablere ny servicebrygge med gjesteplassar der dieselbrygga er plassert i dag. Styret søkte Sparebankstiftinga om økonomisk støtte til dette tiltaket i mars 2025, men sidan vi ikkje fekk tilslag er planane lagde på is.



Vedlikehald av brygger og anlegg

- I juni gjennomførte nettselskapet Linja el-kontroll med vekt på rutinar for internkontroll i begge hamnene. I sentrumshamna fekk vi skryt for tilstanden og ingen avvik. Så her har Jonny Sollid gjort eit godt arbeid saman med Fred Bjørneseth/Tussa Installasjon. I Rotsethamna har vi ikkje klart å lukke avvika som internkontrollen vår avdekkja i mai 2024. Dermed fekk vi fleire avvik også under Linja som el-kontroll i juni 2025. Fred Bjørneseth og Frode Opsvik utbeta avvika, og Tussa Installasjon lukka dei.
- Vask av brygger og tradisjonell kantslått var hovudfokus på den ordinære dugnaden i juni. Vi kan bli enno flinkare til å halde bryggene reine slik at treverket held seg lengre. Det er også

viktig at straumsøylene blir kontrollerte og gjort reine slik at vedlikehaldet av desse blir jamnare.

- Ved avlesing av vassmålarane ved utgangen av november, viser det seg at vassforbruket i Rotsethamna har vore nesten 10 gongar så høgt som i 2024. Det er truleg ein lekkasje som vi må finne og utbetre før vi opnar stengekranen til våren.

Fastsetting av straumpris

- På årsmøtet i februar 2023 vart det vedteke ei ny ordning for fastsetting av straumprisen. For året 2025 har vi etter fråtrekk av kr 958 i straumstøtte, betalt kr 45 243 for dei 37 967 kWh som er brukt. Dette gir ein gjennomsnittleg kostnad på kr 1,19 pr kWh. Styret har vedteke 11 øre i påslag, og fastsett straumprisen for 2025 til kr 1,30 pr kWh.

Hamnereglane

- Vi minner om at hamnereglane skal følgjast. Det er enkelte medlemar som ikkje fører jamleg tilsyn med båten sin. Det kan gjelde dårleg fortøying, dårleg fendring og manglande snømoking. Vidare så skal det ikkje lagrast privat utstyr som til dømes fiskeutstyr og teiner på bryggene.

Medlemsregisteret

- Per 31. desember 2025 hadde Småbåtlaget 153 medlemar. Av desse 130 medlemar med båtplass, 16 medlemar på venteliste for kjøp av båtplass og 7 medlemar som leiger båtplass utan å stå på venteliste.
- I 2025 vart 4 båtplassar overdregne til medlemar på ventelista, medan det vart gjennomført 6 overdragingar til medlemar på bytelista. Overdragingane er loggført på heimesida.
- Styret minner om at all framleige av båtplassar skal meldast ved innsending av kontrakt.
- Styret oppmodar medlemane som har nye/endra kontaktopplysingar om å sende inn desse via skjemaet som ligg på www.voldasmabatlag.no/kontakt

Styret ønskjer alle medlemane ein god båtsesong!

Volda, 12. januar 2026

Tor Vegard Sjøvik

Vidar Sandnes

Bård Henriksen

Stian Peder Hjorthaug

Frode Opsvik